

# Vestlandsrådet

## Årsmelding Vestlandsrådet 2016

### 1. Forord frå Hordaland

#### Vestlandet – ein landsdel i endring

Stortinget har vedteke at det skal vere tre styringsnivå i Noreg. På det grunnlag har regjeringa satt i gang arbeidet med ein regionreform, der målet er å redusere dagens 19 fylke til 10 regionar. Vestlandsrådet er eit godt døme på korleis ein står sterkare saman og at Vestlandsfylka har mange felles interesser og utfordringar. Styrken i dette samarbeidet er å søkje felles moglegheiter, motivere til å utnytte desse og samordne interessene internt og mot Storting og Regjering. I møta i Vestlandsrådet har vi orientert kvarandre om dei einskilde prosessane kring regionreforma. Det konkrete arbeidet med å danne ein sterk Vestlandsregion har gått parallelt med arbeidet i Vestlandsrådet.

Styrken i Vestlandsrådet er at ein går saman i sakar av felles interesse og går kvar for seg i dei tilfelle ein har ulike interesse. Innan arbeidet med nasjonal transportplan har Vestlandsrådet fremja dei store felles prosjekta i fellesskap, medan lokale prosjekt vert lyfta fram av det einskilde fylket. Ei viktig oppgåve er å orientere og påverke nasjonale styremakter i saker der Vestlandsfylka har sterke interesser. Vestlandsfylka har til dømes alle store utgifter knytt til ferjedrift og fornying av ferjeflåten. I åra 2019-2023 skal dei fleste ferjesambanda på Vestlandet over i nye kontraktar. Gjennom Vestlandsrådet har ein samla spela inn på rammevilkår for drift og fornying av ferjeflåten. Samla har dei store ferjefylka på Vestlandet ei sterk røyst.

Året 2016 har vore utfordrande for næringslivet på Vestlandet. Nedgangen i petroleumssektoren har hatt ringverknader til andre næringar og det er ei aukande arbeidsløyse. Midlar og politikk er retta inn mot endringskompetanse og rask omstilling. Samstundes veks andre næringar fram, og Vestlandet har fleire bein å stå på. Samla er det spelt inn viktige tema til regjeringas havstrategi, havet er ein viktig ressurs for Vestlandsfylke med sterke marine og maritime tradisjonar. Hordaland har fått nøkkeltal for energiklynga på Vestlandet, med tanke på ei vidare analyse av kva tyding Vestlandet kan spele innan EU sin energiunion. Noreg har ei viktig rolle for EU sin energiforsyning og energisikkerhet. Desse interessene må balanserast i mot arbeidsplasser, verdiskaping og omsyn til miljø her heime. Arbeidet med cruisestrategien er eit anna døme på ei kravande balanse mellom naturvern og verdiskaping. Vestlandet er ein region med menneskelege og naturlege ressursar, noko som lover godt for framtida.

Leiar i Vestlandsrådet  
Anne-Gine Hestetun

# Vestlandsrådet

## 2. Vestlandsrådet – eit politisk samarbeid mellom fire fylkeskommunar

Vestlandsrådet er eit formelt samarbeid etablert av dei fire fylkeskommunane Møre og Romsdal, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Gjennom felles innsats skal Vestlandsrådet fremje landsdelen nasjonalt og internasjonalt ved å koordinere den politiske innsatsen og dermed aktivt påverke rammevilkåra for landsdelen.

Rådet er samansett av fem politikare frå kvar av dei fire fylkeskommunane. I 2016 har Hordaland hatt leiinga i Vestlandsrådet, og dermed også stilt sekretariat.

## 3. Gjennom året – ein fellesskap for eit betre Vestland

Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet etablerte i 2003 Vestlandsrådet. Basert på samarbeidsavtale, vedtekter og felles politisk plattform vil fylkeskommunane fremme Vestlandet som eit tyngdepunkt for landet innan næringsvirke og som har store natur- og kulturkvaliteter. Landsdelen har mange felles interesser nasjonalt og internasjonalt og gjennom påverknad av rammevilkåra vert det arbeida aktivt for å skape gode utviklingsmoglegheiter.

### Møte i Vestlandsrådet

Det vart helde tre møter i Vestlandsrådet i 2015:

- 18. februar på Flesland
- 26. mai på Gardermoen
- 10. november i Molde

Det vart handsama 35 saker. I tillegg kjem eksterne orienteringar i forkant av Vestlandsrådsmøta frå Fjord Norge og Stad Skipstunnel.

Blant sakene var rammevilkår for ferjeflåten, ein cruisestrategi for Vestlandet og evaluering av Vestlandsfylka sin innsats og arbeidsform i Nordsjøkommisjonen.

### Møte i Arbeidsutvalet (AU)

AU er samansett av dei fire fylkesordførarane. Det vart heldt 3 møte i 2016; alle på video/telefon. AU set agenda for møter i Vestlandsrådet, og har som formål å vere budd for saker som kjem eller er aktuelle og vil også ta opp saker på eige initiativ. Utvalet vil vanlegvis ikkje sakshandsame for Vestlandsrådet unntatt ved delegert mynde. Frå tid til anna, mellom anna ved korte tidsfristar vil AU uttale seg på vegne av Vestlandsrådet.

### Påverknad

Vestlandsrådet gav i oktober ein uttale til Statens Vegvesen si utgreiing «Utviklinga av ferjemarknaden på lang sikt».

# Vestlandsrådet

Vestlandsrådet uttalte seg positivt til utvikling av ein «nasjonal ferjeplan», og la til grunn at eit slikt utviklingsarbeid skjer i eit likeverdig samarbeid med fylkeskommunane. Ein «nasjonal ferjestandard» bør leggjast til grunn for løying gjennom inntektssystemet til fylkeskommunane for finansiering av ferjedrifta, men fylkeskommunane/innkjøpseiningane må stå fritt til å sjølv å ta avgjerdslar om tenleg driftsstandard ut i frå lokale forhold og lokale prioriteringar. Vidare uttalte Vestlandsrådet at ein er godt nøgd med den organiseringa av ferjedrifta som ein har i fylket, og vil difor halda fram med å drifta dette i fylkeskommunal regi.

Vestlandsrådet gav ein uttale til kommuneproposisjonen om kriteriet i utgiftsutjamninga for ferjedrift der det vart peikt på at ein ikkje får kompensert for kostnadsauken for ferjer, og at det er uheldig at kriteriet for ferjer er tal ferjer. Det er behov for å finne fram til kriterium som betre gir uttrykk for kostnadsskilnader. Det vart vidare peikt på at den nye ferjeavløysingsordninga er gunstig, men at det er uheldig at det ikkje blir gitt ferjeavløysingsmidlar til innkorting av samband.

Vestlandsrådet ga i møte i februar 2016 uttale om flyseteavgifta. Rådet meinte det var uheldig at det ikkje er gjennomført ei konsekvensutgreiing av moglege samfunnsmessige, økonomiske og miljømessige konsekvensar før avgifta vert innført, og at innføring av avgifta burde utsetjast til etter ei slik konsekvensanalyse.

AU sende eit høyringsinnspeil til regjeringa sitt arbeid med ein havstrategi. Noreg er ein havnasjon, og havet er ein fellesnemnar for dei viktigaste næringane i landet, målt i verdiskaping. Vestlandet har sterke tradisjonar knytt til havretta næringar. Desse næringane er inne i ei tid med omstilling. Prisfallet på olje har medført at bedriftene må sjå mot fleire segment. Dette er eit langsigttig arbeid, men næringa har allereie klart å få til ei meir differensiert portefølje av aktivitetar. Vestlandsrådet meiner at innovasjonskraft, FoU-infrastruktur og marin arealplanlegging må vektleggas i det vidare arbeidet.

Vestlandsrådet har i 2016 diskutert moglegheitsrommet som ligg i internasjonale organisasjonar som Nordsjøkommisjonen. I mai vart det tinga ein evalueringsrapport for å sjå på Vestlandsfylka sin innsats og arbeidsform i Nordsjøkommisjonen med tanke på vidare posisjonering. Vestlandsrådet har bede sekretariatet utarbeide ein handlingsplan for 2017 med prioriterte område, der ein får meir igjen for vidareutvikling i det internasjonale rom.

I arbeidet med statsbudsjett vart det varsle eit kutt i norske midlar til Interreg, der i blant Nordsjøprogrammet. Vestlandsrådet sendte eit brev til Kommunal – og Moderniseringsdepartementet, med kopi til Utanriksdepartementet om den dårlege signaleffekten i kutta. På den eine sida seier regjeringa at nye regionar skal få ei sterkare rolle i det internasjonale arbeidet og på den andre sida kutter regjeringa i midla til Interreg.

Arbeidsutvalet vart i september framlagt ledige posisjoner i Nordsjøkommisjonen, deriblant norsk vara til styret i Nordsjøkommisjonen. Åshild Kjelsnes, varaordførar i Sogn og Fjordane, vart framsett som Vestlandsrådet sin kandidat og valt i sterkt konkurransen med ein kandidat frå Agder. Norsk representant i styret i Nordsjøkommisjonen er Marianne Chesak frå Rogaland, med Åshild Kjelsnes frå Sogn og Fjordane som vara.

# Vestlandsrådet

## Sentrale saksfelt i Vestlandsrådet sitt arbeid i 2016

### **Rammevilkår for drift og fornying av ferjeflåten**

Vestlandsrådet fekk Norconsult til å utarbeide ein rapport om «Rammevilkår for drift og fornying av ferjeflåten». Rapporten dokumenterer fylkeskommunen sine auka utgifter til ferjedrift i samband med nye kontraktar, og viser til dei utfordringane ein får grunna at Stortinget har vedteke ambisiøse klimakrav til ferjeflåten. Det er gitt tilrådingar til arbeidet med fylkeskommunane sine rammevilkår knytt til ferjedrifta.

På bakgrunn av rapporten vedtok Vestlandsrådet å etablere ein prosess mot Finansdepartementet og Kommunal- og Moderniseringsdepartementet i høve den generelle modellen for finansiering av ferjedrifta. Her skal også KS involverast gjennom konsultasjonsordninga.

### **Nasjonal transportplan 2018-29**

Vestlandsrådet fekk utarbeida eit innspelsdokument til Nasjonal transportplan 2018-29. Det vart i tillegg gitt ein uttale vedteke av Vestlandsrådet i mai 2018. I uttalen vart det peikt på at sjølv med høg ramme i NTP vil ein ikkje nå dei måla landsdelen har for veginvesteringar. Det vil difor vere behov for vesentlig påplussing av høg ramme. Vedtekne statlege plan for utbygging av ferjefri og opprusta E39 Kristiansand –Trondheim i løpet av 20 år må oppretthaldast og fullfinansierast, då prosjektet har høg samfunnsøkonomisk lønnsemeld og er ei viktig nasjonal satsing. Ferjefri E39 Kristiansand-Trondheim vil gje ein samangangande, transportsikker veg og med dette vil ein bygge eit solid fundament for framtidig auka verdiskaping.

Vestlandsrådet viste elles til at det må gjennomførast eit krafttak for å ta igjen etterslepet på vedlikehald av både riks- og fylkesvegnettet. Vestlandsrådet legg til grunn at det vert kanalisert tilstrekkeleg med økonomiske midlar til fylkeskommunane slik at ein kan fjerne forfallet på alle riks- og fylkesvegane i dei fire vestlandsfylka, samt gjennomføre nødvendige oppgraderingar av bruer, ferjekaier og tunnelar.

Bymiljøavtalar/bypakker med sterkt satsing på kollektivtransport, sykkel og gange er avgjerande for å nå overordna mål om bymiljø og klima. I tillegg er satsinga viktig for å utvikle byane til attraktive senter med funksjonelle transportsystem og gode miljøkvaliteter. Det er viktig å utvide perspektivet for bysatsinga til også å omfatte andre byområde/tettstader ut over dei 9 største byområda. Det vert tilrådd eigen budsjettpost til bypakker for andre, mindre byområde.

Det vart lagt til grunn auka innsats til ras-sikring på både riks- og fylkesvegnettet i tråd med tilrådingane frå Nasjonal ras-sikringsgruppe om at det offentlege vegnettet skal vere ras-sikra innan 2030.

Vestlandsrådet går inn for realisering av Stad Skipstunnel med oppstart i perioden 2018-21, og ein samla om at det er vesentleg med gode sambindingsvegar aust vest, og at dei hovudkorridorane ein vel dekker regionen samla best mogleg.

# Vestlandsrådet

## Energikartlegging: Innhenting av nøkkeltal

I samband med saka om EU sin energiunion og tydinga for Vestlandet vart det vedtak om å innhente nøkkeltal for energisektoren på Vestlandet. Ideas2Evidence fekk tilslaget etter ei anbodsrunde. Rapporten vart lagt fram i møtet i Molde i november. Energiklynga er den desidert største næringsklynga på Vestlandet. I 2014 var omsetnaden på meir enn 1 300 milliardar kroner og meir enn 150 000 personar var tilsett i klynga. Det utgjer nesten 22 % av dei sysselsette på Vestlandet det året. Desse tala viser situasjonen fram til utgangen av 2014. Den noverande oljekrisa vil truleg gi store utslag på 2015-tala, som kjem første kvartal 2017.

### **Reiseliv:**

På møte i Vestlandsrådet 5. desember 2014 blei det vedteke at dei fire Vestlandsfylka ynskte å starte arbeidet med ein felles strategi for cruiseturisme som skulle innarbeidast som ein del av «Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013-2020». Det ferdige produktet vart sendt på høyring i kvar fylkeskommune, og presentert for Vestlandsrådet i november 2016. Strategidokumentet viser kor omfattande og samansett næringa er. Cruisenæringa skil seg frå resten av reiselivsnæringa ved at ho krev ein eigen logistikk for å handtere høge gjestetal for kvart anløp, samtidig som næringa er svært føreseieleg fordi anløpsplanen gjerne vert lagt eit år eller meir på førehånd. Næringa har i stor grad hatt negativ omtale i media på grunn av miljøfokus og trengsel på land i enkelte destinasjonar. Cruisenæringa har i dei seinare åra blitt langt meir miljøbevisste, og dei nyare skipa som seglar i dag har nye løysingar både for utslepp av gassar og partiklar, og når det gjeld resirkulering og handsaming av avfall frå hotelldrifta om bord. Eit anna forhold er at delar av næringa på land gjev signal om at dei sit att med relativt låg forteneste på cruiseturistar samanlikna med andre turistar, og at det høge talet på cruiseturistar kan fortrenge andre gjestar som vert oppfatta som meir lukrative. Vestlandsrådet har bedt om å verte involvert i arbeidet med ei handlingsplan med tiltak.

### **Internasjonalt arbeid:**

Hordaland hadde president og sekretariat i Nordsjøkommisjonen i perioden 2014-2016. Vestlandsrådet fekk i mai 2016 (sak 16/16) framlagt ei sak om vidare representasjon og posisjonering i Nordsjøkommisjonen. Gjennom ei strategisk tilnærming kan Nordsjøkommisjonen vere ein viktig kanal for å påverke EU-politikk og kome i posisjon for prosjektmidla. I høve til Nordsjøkommisjonen sitt arbeid er det to døme på område dette let seg gjere. For det første gjennom større grad av samordning av vestlandsfylka si deltaking i dei tematiske gruppene i Nordsjøkommisjonen og for det andre gjennom å etablere eit permanent sekretariat på Vestlandet. Vestlandsrådet ynskte i møtet i mai meir informasjon for å ta stilling til problemstillinga. Det vart vedteke å evaluere Vestlandsfylka sin innsats og arbeidsform i Nordsjøkommisjonen der m.a. ordninga med fast sekretariat vert vurdert. Sekretariatet i Vestlandsrådet utarbeida ein evaluatingsrapport i samarbeid med internasjonal gruppe, som vart framlagt i Vestlandsrådets møte i november. Vestlandsrådet har bee om ein årleg handlingsplan med strategiske saker for Vestlandsrådet å arbeide med i Nordsjøkommisjonen. Sekretariatet vart bedne om å følge prosessen med etablering av eit permanent sekretariat i Nordsjøkommisjonen, og legge fram ei sak når det er relevant.

# Vestlandsrådet

Vestlandsrådet har felles representant i Europapolitisk forum; ein møteplass for fylkeskommunane og regjeringa kring det europeiske samarbeidet. Sentrale sakar og prosessar i Europapolitisk forum har vore rapportert til Vestlandsrådet kvart møte.

## Organisasjon:

Hordaland har leia, og drive, sekretariatet for Vestlandsrådet i 2016.

## Vestlandsrådets medlemmer 2016:

### Rogaland

Solveig Ege Tengesdal	KrF
Marianne Chesak	Ap
Arne Bergsvåg	Sp
Janne Johnsen	H
Anita Egeli (erstatter Terje Halleland)	FrP

### Hordaland

Anne Gine Hestetun	Ap
Pål Kårbø	Krf
Benthe Bondhus	Sp
Mona Røsvik Strømme (erstatter Tom-Christer Nilsen)	H
Terje Søviknes	FrP

### Sogn og Fjordane

Jenny Følling	Sp
Åshild Kjelsnes	Ap
Noralv Distad	H
Trude Brosvik	KrF
Jakob Andre Sandal	SV

### Møre og Romsdal

Jon Aasen	Ap
Gunn Berit Gjerde	V
Jan Ove Tryggestad	Sp
Charles Tøsse	H
Frank Sve	Frp